



Hendingar og uhell i 2010

I 2010 har det ikkje vore hendingar med radioaktivt materiale som har representert ein fare for samfunnet eller norske områder. Derimot har det vore tap av radioaktive kjelder og pasientar som har fått for store stråledosar. Skogbrannar i Russland var ein trussel mot nukleære anlegg i landet, og Strålevernet følgde difor med på handteringa av brannane.



Illustrasjonsfoto: Fotolia.com

Tap av kjelder på Svalbard

I samband med riving av eit gruveanlegg ved Longyearbyen hausten 2010, vart to radioaktive kjelder plassert i ein konteinar saman med anna farleg avfall og elektronisk avfall. Konteinaren vart skipa frå Svalbard til Bodø, der den vart plassert på eit sikra kaianlegg. Seinare vart konteinaren sendt til eit spesialavfallsanlegg, og der vart ikkje kjeldene funne att. Det vart sett i gong granskingar for å finne dei, blant anna vart alt returmetall som vart skipa frå Svalbard saumfart, utan at kjeldene vart funne. Saka vart ikkje avslutta i 2010.

Tjuveri av kjelde

Ved ei bedrift i Østfold var det innbrot hausten 2010. Eit måleinstrument som inneheldt ei americium-241 kjelde vart stole. Saka vart meldt

til politiet og etterforskning er sett i gong. Instrumentet og kjelda er mest sannsynleg tatt ut av landet og tapt.

Stråledosar til pasientar

Ein kreftpasient fikk smertelindrande behandling ved eit kreftsenter. Det vart gitt stråling til hjernen og til ryggmargen. Etter avslutta behandling viste det seg at feltet mot ryggmargen var dosert til eit punkt djupare enn planlagt, og gjennomsnittsdosa til beinmargen i ryggen blei 35 % større enn planlagt. Hendinga fekk inga direkte konsekvens for pasienten. Det var usikkert når langtidseffekten av overdoseringa ville inntreffe, men i forhold til sjukdomsbiletet til pasienten elles hadde det inga effekt. Pasienten døydde av andre årsaker. Hendinga er meldt til alle relevante

instansar. Strålevernet har lukka saka.

To pasientar fekk store stråledosar ved ei spesialundersøking med røntgen (intervensjonsprosedyre). Den første fekk ei huddose på 5,9 gray (Gy) ved ei behandling og den andre totalt 8,4 Gy i løpet av to behandlingar. Gjennomlysningstidene var lange, det vart teke mange bilete og det same hudområdet vart bestrålt. Legane meinte i etterkant at den første pasienten ikkje skulle ha vore behandla, men at behandlingane for den andre pasienten var tilrådeleg. Begge pasientane har fått oppfølging av sjukehuset.

Sal av radioaktivt skrapmetall i India

Ein auksjon av skrapmetall til skraphandlarar i New Dehli sist i april 2010 førte til at cobolt-60 kjelder kom i feil hender. Seljaren var ikkje klar over at skrapmetallet inneheldt radioaktive kjelder. Kjeldene hadde ikkje vore nytta dei siste 25 åra, men hadde vore brukt til å analysere effekten av gammastråling på kjemikalier. Kjøparen demonterte metallet og selde det vidare til andre skraphandlarar. Dette førte til at fleire fekk store stråleskadar og etter ein månad døydde ein av skraphandlarane av skadane. I tillegg vart 11 andre skadd, av desse fire alvorleg. India fekk tilbod om bistand frå IAEA og WHO, men svarte at dei greidde behandlinga av dei stråleskadde sjølv.

Russisk transportskip sank under opphogging

Skipet Severka, eit tidlegare transportfarty for brukt atombrensel, sank under opphogging ved verftet Poliarny, ved byen Aleksandrovsk på Kolahalvøya, sist i mai. I følge opplysningar frå Rosatom var alt brukt brensel og avfall fjerna før skipet sank. Uhellet skjedde under oppdeling av skipet, og verftet planlegg heving.

Skogbrannar i Russland

Sommaren 2010 var det fleire skogbrannar i Russland. Tradisjonelt let russiske styresmakter skogbrannane brenne ut og døy av seg sjølv. Denne gongen var brannane så omfattande at dei vart ein trussel mot kjernefysiske anlegg fleire stadar i landet. Statens strålevern følgde difor

nøye med i handteringa av brannane.

Det var også brannar i områder der det tidlegare hadde vore nedfall etter kjernekraftulykker, til dømes Tsjernobyl-ulykka. Dette kunne føre til at radioaktivt materiale i bakken, igjen kunne bli ført med vêr og vind til andre stadar. Strålevernet sine berekingar og målingar, med god hjelp frå Meteorologisk institutt, slo fast at Noreg ikkje ville få radioaktiv forureining frå skogbrannane.



Illustrasjonsfoto: Wikipedia.

Reaktordriven utbåt på grunn

I oktober grunnstøtte ein britisk reaktordriven ubåt ved øya Isle of Skye vest for Skottland. Ingen personar vart skadde, og det var heller ikkje utslepp av radioaktivt materiale. Ubåten var intakt og vart trekt av grunn.